



## Vil innføre vinking for å auke sikkerheit

Norsk Lastebileigar-Forbund (NLF) vil at barn skal begynne å vinke til lastebilane for å auke trafikksikkerheita.

– Sjølv om vi sit høgt og har god utsikt, er det vanskeleg å få med seg det som skjer nærmast lastebilen. Det kan vere litt skummelt, seier Tommy Rustad i NLF i ei pressemelding. Forbundet foreslår å innføre ei ordning der barn vinkar til sjåførane for å forsikre seg om at dei er sett for dei kryssar vegen. – Og vi skal vinke tilbake for å vise at vi har sett deg, seier Rustad. Tiltaket er ein del av eit nasjonalt trafikksikkerheitsprosjekt som er kalla Venner på vegen. Lastebileigarar har gjennom 2016 besøkt 30 skular for å lære barn i første til tredje trinn om vegsikkerheit. (©NPK)

## Reiselivet på Nordvestlandet går for riksveg 52

Riksveg 52 over Hemsedalsfjellet er den viktigaste vegen mellom aust og vest for reiselivet i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre.

Det slår reiselivet sjølv fast i ei fråsegn om valet av andre hovudvegsamband mellom aust- og vestlandet, fortel NRK. Regjeringa avgjorde i fjor at den nye E134 over Haukelifjell skal vere den sørlege stamvegen, men politikarane stridast stadig om riksveg 52 eller riksveg 7 over Hardangervidda skal bli den nordlege. Visitt FjordKysten og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre er blant dei som står bak fråsegnerna som tek til orde for riksveg 52. (©NPK)

Moderne Varme AS:

## Fjerde raskast veksande teknologibedrift i Norge

### NÆRING

**Tormod Flatebø**

redaksjon@fjordabladet.no

**I rangering av dei raskast veksande teknologi-, media-, telekom- og bioteknologiselskapa i Norge i 2016 kjem Eid-bedrifta Moderne Varme AS på 4. plass.**

Med en omsetningsvekst på imponerende 11487% er selskapet Auka AS kåra som vinner av Fast50 2016. Selskapet leverer betalingsløsning som omfattar vennebetaling, betaling i butikk, betaling på loppemarknader og så vidare, samt netthandel via mobil. Gründerane selde den norske delen av Mcash til Sparebank 1-gruppen hausten 2015, men starta opp igjen tidlegare i år under namnet Auka, og opererer no som ein ren tenesteleverandør for bankar internasjonalt.

På andre og tredjeplass kjem Norbit Subsea AS frå Trondheim med 4918 prosent vekst og Cordina AS frå Eidsfoss med 1214 prosent vekst.


### Om Fast 50

Deloitte Technology Fast 50 er ein rein kvantitativ analyse av omsetningsvekst kvart år dei siste fem åra. For å vere kvalifisert for Deloitte Fast 50 må selskapet blant anna ha norsk hovudkontor, ha eit vesentlig element av eigenutvikla teknologi og ha ei omsetning på minimum 50.000 euro det første året i kåringa. Desse krava gjer at denne kåringa ikkje må forvekslast med andre vekstanalysar av norske innovasjonsbedrifter.

Kåringa er basert på ein analyse av omsetningsvekst dei siste fire åra og omfattar 20.000 bedrifter frå heile landet.

### Kraftig auke

Verksemda som byggjer varmpumpeanlegg til næringsbygg, har i dag 120 modular fordelt på 20 anlegg frå Kristiansund i nord til Gulen i sør. Lokalt har selskapet mellom anna montert varmeanlegget på Fjordane Folkehøgskule og Nordfjord sjukehus. Eit av prosjekta dei har jobba med den siste tida er oppgradering av varmeanlegget i eit 11.000 kvadratmeter stort burettslag med 150 leilegheiter i Molde. Med ein omsetningsauke dei feire siste åra på 911 prosent plasserer Moderne Varme AS seg som den fjerde raskast veksande bedrifta i kåringa til Deloitte Technology Fast 50. I 2015 hadde Moderne Varme AS ei omsetning på 11.123.000 kroner.



Gründer Bernt Festøy (t.v.) testar her ut varmpumpeløysingane på Fjordane Folkehøgskule. I midten rektor ved skulen Arne Hagen. Prosjektleiar i Moderne Varme Sean Nikolai Haldane til høgre. (Foto: JØRN-ARNE TOMASGARD.)



konvensjonar, engasjere og sjølvsgatt underhalde publikum. Kanskje stiller vi også nokre ubehagelege spørsmål, seier

# est gjennom året

Ein av dei mest omtalte og kritikkaroste svenske forfattarane dei siste åra, heiter Jonas Hassen Khemiri. Hans første teaterstykkje, Invasjon!, tek føre seg alvorlege tema som framandfrykt og fordommar på ein leiken måte. Dette er tema som dessverre er særskilte aktuelle både nasjonalt og internasjonalt, og dei vert neppe mindre aktuelle idet vi går inn i valåret 2017. Sogn og Fjordane Teater er difor stolte av at Invasjon!, som har motteke fleire prisar og vorte hylla av kritikkarar i både Stockholm og New York, vert ein del av Den kulturelle skulesekken for ungdomskuleelevar i fylket.

Også oppsetjinga Privattimen omhandlar eit høgst aktuelt tema, nemleg skulesystemet. Det mørke, men humoristiske stykket, er skrivne av Eugene Ionesco, ein av dei fremste dra-

matikarane innan absurd teater. Her er det dukka for ei tankevekkande og humorfylt oppleving.

### Tradisjonsrikt

Gjennom 2017 kan publikum også få gleder av å oppleve alt frå det tradisjonsrike Kinnaspelet på Kinn, til ein unik danseversjon av den velkjende legenda om St.Sunniva, produsert i samarbeid med Førdefestivalen. Vi held også fram suksessen med Eventyrrømmet, som er den magiske scena for teateret sitt yngste publikum, i tillegg til eksperimentering med unge og nye teaterspirer i vårt spanande Lab-prosjekt.

I 2017 presenterer vi eit variert program som inneheld noko for alle, og vi gler oss veldig, seier den fornøgd teatersjefen Bodil Kvamme.

### Om Sogn og Fjordane Teater

Sogn og Fjordane Teater er eit moderne turnéteater, som sidan starten i 1977 har sendt over 200 produksjonar ut på turné. I løpet av 2016 har teateret besøkt 26 kommunar med 134 framvisningar og har lagt bak seg heile 4579 kilometer, som svarer til strekninga Førde - Paris tur-retur. Slik har Sogn og Fjordane Teater halde på i 40 år. Sogn og Fjordane Teater er ein viktig aktør i fylket sitt kulturlandskap, ikkje minst med omsyn til å ta vare på vestnorske dialektar, ny norsk dramatik og historier av lokal, nasjonal og internasjonalt kvalitet og interesse.